



## Ordføreren sitt hjørna

Det er en klar og fin desemberkveld. Det er vinter slik den skal vera, med kuldegrader og snø som knitrar når me går. Skiføret har vore bra i lang tid både i skiheisen og i langrennsløypene. Alt ligg til rette for ein fin skivinter og ein god turistsesong.

Til kommunestyremøtet er det mange saker. Det er ikkje så rart då det er andre møtet etter sommaren. Samfunnsdelen (tekstdelen) til kommuneplanen er klar for vedtak, og arbeidet med arealdelen er godt i gang. Det er mange innspel og mykje å ta fatt på. Litt utpå vinteren vil fyrste framlegg på arealdelen vera klart for å starte drøftingane med Fylkesmannen og vegvesen. Då får me dei fyrste signal på kva me kan få inn, kva me kanskje kan få inn og kva me må gje oss på. Det blir ei spennande tid, det er utviklinga for bygda me planlegg gjennom kommuneplanen

Budsjettet for 2010 og økonomiplan for 2010 – 2013 er sjølv sagt på sakskartet denne gongen. Det er eit stramt budsjett, men me greier å vidareføre tenestene våre. Budsjettskrivet står ein annan plass i denne kommuneposten, så "alt" om budsjettet kan de lesa der. Det som ikkje står der, men som er ein del av budsjettvedtaket, er fastsetting av alle gebyr. For dei fleste tenester er prisen lagt på 3 %, for vatn og kloakk er påslaget 20 øre for vatn og 40 øre for kloakk på forbrukstariffen. Fastdelen er uendra. Det må i år vedtakast eit nytt gebyr for arbeid etter matrikkellova. Det er for alle tenester knytta til oppmåling, deling og overdraging av eigedomar. Det er likt framlegg i alle kommunane i Hallingdal. Formannskapet/kommunestyret vil vurdere desse satsane og eventuelt endre dei i samband med budsjettrevidering til sommaren. Det skal vurderast opp mot faktisk timebruk og kostnader, for det er meininga at kommunen skal ha betalt for det som det faktisk kostar, ikkje meir eller mindre.

Til slutt denne gongen vil eg få takke for samarbeidet med alle aktørar i bygda i året som har gått. Det har vore eit år med sterk vekst i folketalet, ein auke med nesten 80 nye hemsedøler. Det er moro å vekse, men det krev også ein del av oss. Det er mange nye bustader under bygging, så det er bra aktivitet på byggsida sjølv om dei store prosjekta på Holdebakken er lagt på vent inntil vidare. Kor lenge det går før aktiviteten på store prosjekt kjem i gang att er ikkje lett å seia sikkert, men mange økonomar trur på ei betring utover neste året. Eit hotell med aktivitetsanlegg, badeanlegg med meir, er noko me ventar på. Det trengs for å utvikle reiselivsproduktet, og det vil også vera eit godt tilbod for oss fastbuande.

Hemsedal har alltid vore ei sterk landbruksbygd. Det har vore satsa mykje på samdrifter dei siste åra, og me er den desidert største mjølkekommunen i Buskerud. Økonomien i landbruket blir meir og meir pressa. Det er fleire produsentar som vurderer vidare drift. Dette er dramatisk på mange måtar for Hemsedal. Me har mange dyktige næringsaktørar på matprodusentsida, men me treng det tradisjonelle landbruket som basis for dette, og for kulturlandskapet og mykje meir. Det er lite kommunen kan gjera med sentrale landbruksoppgjer, men eg skal vera med å målbera saka innover i systemet i tida framover. Eg trur folk vil ha eit berekraftig landbruk i framtida med rein norsk mat!

God jul og godt nyttår!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører